



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Kulturmiljølovutvalet

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		2022/17769 - 12522/2023	Hilde Arna Tokle Yri,	01.02.2023

Innspel til Kulturmiljølovutvalet frå Møre og Romsdal fylkeskommune

Vi viser til invitasjon datert 23. november 2022 til å komme med innspel til Kulturmiljølovutvalet innan 1. februar 2023.

Kultur-, nærings- og folkehelseutvalet behandla saka i møte 31. januar 2023, og vedtok samrøystes følgande:

1. Kultur-, nærings- og folkehelseutvalet ber om at den nye lova vert utforma med eit mål om å få til ein heilskapleg kulturmiljøforvaltning og ein god samanheng med miljø- og arealforvaltninga elles. Eit nytt heilskapleg blick på verneinstituttet der dei eldste kulturmiljøa framleis har ein særleg sterkt vern, og gode rammevilkår for eigarar/forvaltarar er viktig.
2. Kultur-, nærings- og folkehelseutvalet sluttar seg til fylkeskommunedirektøren sine innspel til Kulturmiljølovutvalet, slik dei går fram av vedlegg 2 til saksframlegget med følgjande endringar: Ordninga der staten dekkjer kostnadane ved mindre private tiltak og særlege grunnar bør utgreiast betre, med sikte på at i dei tilfella staten krev registrering og utgraving, og i dei tilfella staten fredar private eller offentlege kulturminne, skal staten dekke desse kostnadane fullt ut. Ordninga eller praksisen slik den er i dag oppfordrar i realiteten til dispensasjon frå kulturminnelova og unødvendig høge kostnadar til arkeologiske granskingar. Utvalet ber om at det sendast til Kulturmiljølovutvalet.

Med helsing

Heidi-Iren Wedlog Olsen
kulturdirektør

Hilde Arna Tokle Yri
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Vedlegg

1 Saksframlegg

2 Innspel til Kulturmiljølovutvalet frå Møre og Romsdal fylkeskommune